

Hms Holding AS
Forskjønnelsen 7
5022 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/1926 - 21/22440

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:
06.04.2021

Førebels svar med trong for tilleggsopplysningar - gbnr 319/67 Sagstad nedre

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 22.02.2021.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Området er uregulert sett av til bustadbygging i kommunedelplan for Meland. I følgje punkt 1.2.1 i føresegnene til planen er det krav om at arealet skal inngå i reguleringsplan før det kan gjevast løyve til frådelling. Det må eventuelt søkjast om dispensasjon frå dette kravet før saka kan handsamast. Søknad om dispensasjon skal vera grunngeven. Meir informasjon om dispensasjon finn ein mellom anna på kommunene sine heimesider: [Alver kommune - Dispensasjon](#).
2. Område H310 er faresone for ras- og skredfare. I følgje punkt 4.1.3 i føresegnene til planen skal det gjerast ei vurdering av risikoen før det kan det kan gjevast løyve til frådelling. Slik vurdering må liggja føre før saka kan handsamast.
3. Det er i søknaden oppgjeve at parsellen skal nyttast til landbruk. Dette er ikkje i tråd med formålet parsellen er sett av til i kommunedelplanen, bustadbygging. Det må i så fall søkjast om dispensasjon frå arealformålet i planen.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **09.05.2021**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Hms Holding AS

Forskjønnelsen 7

5022

BERGEN